

STYREPROTOKOLL

Onsdag **20. februar 2019** heldt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Astri Furumo.

MØTESTAD:	Tysvær Rådhus, kantinen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 16.10 – 17.30
AV MEDLEMMENE MØTTE:	Astri Furumo og Siv Bente Stople Østbø
MØTANDE VARAMEDLEM:	Randi I. Rettedal
FORFALL:	Simon Næsse
FRÅ SELSKAPET MØTTE:	Dagleg leiar Toril Hallsjø
INNKALLING:	Ingen merknader
SAKSLISTE:	Ingen merknader.

Følgjande saker blei handsama:

SAK 1/19 – GODKJENNING AV PROTOKOLL 04.12.18

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Protokoll frå styremøtet 04.12.18 blir godkjent.

Styrehandsaming 20.02.19:

Styret hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak 20.02.19:

Protokoll frå styremøtet 04.12.18 blir godkjent.

SAK 2/19 – REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 20.02.19

1. Haugesund bystyre 03.12.18, sak 86/18 - Budsjett 2019 om revisjonssamarbeid
2. Sekretariatet sitt brev av 04.02.19 om gjeldande revisjonsavtale – bruk av opsjon eller ny avtale – til uttale - frist 01.04.19
3. Invitasjon frå Karmøy kontroll- og kvalitetsutvalg om å orientere om selskapet HKS IKS i møtet 19.06.19
4. Kontrollutvalgskonferansen 30.- 31.01.19 på Gardermoen
5. Sekretariatskonferansen 26.-27.03.19 på Lillestrøm
6. Prof. Bernt svarer – Representantskapet til et IKS skal velges av kommunestyret selv

Styrehandsaming 20.02.19:

Styreleiar orienterte om sine undersøkingar rundt bystyret sitt vedtak om reduksjon i revisjonsbudsjett og det verbale oversendingsvedtaket. I følge ho vil kommunedirektøren «lufter» framlegget i regionrådet.

Dagleg leiar presiserte at lova krev at framlegg om endring av revisjonsordning skal gjerast som innstilling frå kontrollutvala, ikkje frå administrasjonen.

Sak om bruk av opsjon eller ny anbudsrunde vil bli førebudd i vår og kommunestyra tar stilling til dette i juni. Styret var nøgd med framdrifta.

Dagleg leiar orienterte om bakgrunn for Karmøy sin invitasjon. Styreleiar noterte seg dato i juni, og ho og dagleg leiar avtaler seinare fordeling av presentasjonen.

Styret kom med generelle kommentarar rundt deltaking av konferansar.

Dagleg leiar gjorde styret merksam på at ny valkomité blir tre saman etter valet til hausten og nytt styre vil bli valt på representantskapsmøtet i april 2020, slik at noverande styre vil virke fram til nytt styre er valt neste år.

Samrøystes vedtak 20.02.19:

Referatsakene 1- 6 blir tatt til orientering.

SAK 3/19 – STATUSOVERSIKT PR. FEBRUAR 2019

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Statusoversikt pr. februar 2019 blir tatt til orientering.

Styrehandsaming 20.02.19

Dagleg leiar orienterte om arbeidssituasjonen, utviklingstiltak, økonomien og planar.

Styret støtta kjøp av nytt utstyr og kontorstol. Styret peika på at alle bilførarar har personleg ansvar for at dei er skikka til å køyre og er aktsame. Dersom vær og føre krev det, meinte styret at det var naturleg at møte kan blir utsett eller avlyst.

Økonomirapport pr. 18.02.19 blei delt ut, som viste at det hadde vore to lønsutbetalingar. Fyrste kvartalsvise tilskot frå kommunane var sett til 20.02.19. Styret hadde inga merknader.

Samrøystes vedtak 20.02.19:

Statusoversikt pr. februar 2019 blir tatt til orientering.

SAK 4/19 – ÅRSOPPGJER 2018 OG UTKAST TIL ÅRSMELDING 2018

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Styret godkjenner utkast til årsmeldinga slik han ligg føre (med evt. endringar/tillegg).

Styret godkjenner årsoppgjeret 2018 for HKS IKS slik det ligg føre med eit positivt årsresultat på kr 65 326.

Styret vil gjere framlegg om at årets overskot blir lagt til opptent eigenkapital.

Styrehandsaming 20.02.19

Dagleg leiar orienterte om rekneskapen og årsmeldinga. Østebø hadde gått nøye igjennom og funnet alt ryddig og greitt. Hun gjorde framlegg om å formulere om side 2, fjerde avsnitt og side 3 andre avsnitt i årsmeldinga Vidare meinte ho at note nr 3 kunne skrivast kortare.

Styret blei samd i å sette punktum etter «*omsetnad på kr 2.018.900*» og «*året som har gått*» og endre i note 3 til «*Beløpet er avskrevet*».

Retta årsmelding og rekneskapen blei så signert. Sekretæren leverer dokumenta til revisjonsselskapet KPMG til revidering.

Samrøystes vedtak 20.02.19:

Styret godkjenner årsmeldinga for 2018 slik han ligg føre med ei endring på side 2, fjerde avsnitt og side 3, andre avsnitt og med ei endring i note 3.

Styret godkjenner årsoppgjeret 2018 for HKS IKS slik det ligg føre med eit positivt årsresultat på kr 65.327.

Styret vil gjere framlegg om at årets overskot blir lagt til eigenkapitalen.

EVENTUELT

Ingen saker var eller blei meldt.

Neste styremøtet er fastsett til **tysdag 9. april kl. 16.00**. Rekneskapen med revisjonsmelding vil då bli lagt fram på ny, samt sak om budsjett for 2020 og økonomiplan 2020 - 2023.

Aksdal, 20. februar 2019

Astri Furumo (sign.)
Styreleiar

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar